

MØTEREFERAT

Tema:	Kommunereformprosjekt Stranda og Sykkylven – Forhandlingar om intensjonsavtale
Dato/Stad	Sykkylven rådhus, 4. mars 2016 kl 12:00 til 16:00
Møteleiar:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Referent:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Oppmøte:	Jan Ove Tryggestad, Ordførar, Stranda kommune Frank Sve, Formannskapsmedlem, Stranda kommune Svein Erik Rimstad, Formannskapsmedlem, Stranda kommune Petter Lyshol, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune Anne-Karin Watters, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune Odd Jostein Drotninghaug, Ordførar, Sykkylven kommune May-Helen Molvær Grimstad, Rådmann, Sykkylven kommune
Forfall	Arild Ringdal, Varaordførar, Stranda kommune Åse Elin Hole, Rådmann, Stranda kommune
Observatør	Njell Hoftun, Kommunereformkontaktperson, Sykkylven kommune Kjartan Lied, Assisterande rådmann, Strand kommune
Vedlegg	

Møtereferatet har som hensikt å dokumentere omforeinte løysingar i forhandlingane, utan at formuleringane i teksten er endeleg. Referatet er eit innspel til skrivegruppa som skal utforme forlag til endeleg avtaletekst. Denne vil kome som vedlegg til seinare møtereferat.

- **Gjennomgang av utkast til intensjonsavtale frå 1. forhandlingsmøte**

133 Dette punktet tek vi ut.

Skrivegruppa ser på punkt 5, og legg fram ei alternativ løysing til møtet 11. mars.

- **Dagsorden**

Handtering av interkommunale samarbeid
Etablering og samansetning av fellesnemnd
Kommunevåpen
Arbeidsgjevarpolitikk

- **Handtering av interkommunale samarbeid**

Kritisk gjennomgang av alle interkommunale samarbeid.

Reforhandle avtalar

Det er eit mål å handtere ein del interkommunale samarbeid som kommunal teneste

- **Etablering og samansetning av fellesnemnd**

Likeverdige antall representantar frå kvar kommune i fellesnemnda. 4 representantar frå kvar kommune. Rådmenn frå begge kommuner møter i fellesnemnda fram til prosjektleiar er tilsett.

Representantane til fellesnemnda skal veljast innan kort tid etter kommunalt vedtak om kommunereforma, og starte opp arbeidet hausten 2016.

- **Kommunevåpen og ordførarkjede**

Det er eit ønske om å utvikle eit nytt kommunevåpen, og det er opp til fellesnemnda å finne arbeidsmåte for denne prosessen – t.d. open konkurranse.

Det skal også lagast nytt ordførarkjede.

- **Tilrettelegging for næringslivet**

Felles organisering og plan av reiselivet står sentralt, då det er forventa å vere ei vekstnæring i framtida.

Nødvendig næringsretta infrastruktur til næringslivet, særleg med tanke på næringsareal.

Felles næringsplan bør startast opp så tidleg som mulig.

Det er viktig å sikre godt fagmiljø for plan- og utvikling, og det står sentralt at dette er eit oppdrag som skal løysast kommunalt.

Samordning av samfunnsplan og arealplan bør fylgje utviklinga i planarbeidet med felles budsjettprosess.

Det er eit ønske om å samle dei kommunale ressursane overfor næringslivet, og legge betre til rette for nye og eksisterande næringsaktørar. Det vil stå sentralt i dette arbeidet å invitere inn næringslivet i denne satsinga.

Det er fremma forslag om å lokalisere «næringskontoret» til Stranda sentrum. Organiseringa og samansetninga av fagmiljø knytt til dette kontoret ligg til trepartsamarbeidet å definere.

- **Visjon**

Skaparglede

Skaparglede mellom fjord og fjell

Skaparglede heilt i det blå

Naturleg skaparglede

Omforeint løysing

Skaparglede mellom fjord og fjell

- **Felles kommunestyremøte (ikkje del av intensjonsavtalen).**

Det er ønske om arrangere eit felles møte med kommunestyra, for å orientere om intensjonsavtalen. Ambisjon om første halvdel av april, kanskje også den 20.

Forslag til foredragshaldarar:

- Geir Vinsand
- Terje Devold, Fjordnorge

Dagsorden til neste møte:

Rom for å forhandle på nye punkt
Kritisk gjennomgang av intensjonsavtalen
Felles kommunestyremøte

Møtet slutt 16:00